



## Årsmelding 2009

- Årsmelding
- Rekneskap m. notar
- Revisors melding
- Kontrollnemndas melding



Forsikring • Kort • Tenestepensjon • Betalingsformidling • Sparing / Plassering • Leasing • Finansiering m.m.



# INNHOLD

<b>I Innleiing .....</b>	side	2
<b>II Økonomiske hovudtrekk</b>		
1. Norsk økonomi – renteutviklinga, og arbeidsmarknaden.....	side	2
2. Marknadstilhøve og lokal utvikling .....	side	3
<b>III Interne forhold</b>		
1. Eigedom .....	side	5
2. Personalalet .....	side	5
3. Opplæring .....	side	5
4. Arbeidsmiljø .....	side	5
5. Arbeidet i styret .....	side	5
6. Internkontroll .....	side	6
7. Risikoforhold .....	side	6
8. Mål og strategiar .....	side	9
<b>IV Resultat og Balanse .....</b>	side	9
1. Resultatrekneskap.....	side	9
2. Balanserekneskap.....	side	11
3. Verdipapir.....	side	12
<b>V Oppsummering .....</b>	side	13

## Vedlegg:

- Rekneskap med kontantstrømsanalyse og notar
- Melding frå revisor
- Melding frå kontrollnemnda





## I INNLEIING

Seljord Sparebank vart etablera i 1937, og har forretningsadresse i Seljord Kommune. Banken har ingen filialar eller avdelingskontor, men bank i butikk i Flatdal, og forsikringskontor i Åmot i Vinje Kommune som vert utvida i 2010. Om vi dømer etter respons og attendemeldingar vi har fått så langt lovar dette bra. Forretningsideen er å vera ein frittståande sjølvstendig sparebank som kan vera leverandør av konkurransedyktige finansielle tenester. Dette omfattar tradisjonell bankverksemd tillagt dei produkt som naturleg høyrer til. Vi har definert Vest - Telemark som vårt naturlege virkeområde.

Saman med 78 andre frittståande sparebankar er vi medeigar i Terra Gruppen as som er vår strategiske alliansepartner.

Samla representerar dette over 190 kontor i 105 kommunar med om lag 2400 tilsette og ein forvaltningskapital på 236 mrd. der bankane utgjer 185 mrd.

Totalt har gruppa 750.000 kundar.

Gjennom dette samarbeidet får vi tilgang på eigne produkt innanfor forsikring, leasing, fond og eige kredittkortselskap.


Gjennom Terra Boligkredit as kan vi finansiere bustadlån til konkurransedyktige prisar, men vi har så langt valt å ha bustadlåna i eigen balanse.

Banken skal ha høg fokus på kundepleie og forretningsetikk. Dette skal danne grunnlag for eit livslangt kundeforhold til gagn og nytte for kunden, oss og distriktet.

## II ØKONOMISKE HOVUDTREKK

### 1. NORSK ØKONOMI – RENTER OG ARBEIDSMARKNADEN.

Ved å sjå litt historisk på dette var utsiktene for norsk økonomi ved inngangen til 2008 fortsett gode. Bak oss hadde vi fleire år med sterk vekst, og farten inn i 2008 var stor. Med høg resursutnytting, noko svakare vekst utanlands, men med auka renter og noko dempa bustadmarknad var det venta at dette ville bidraga til å dempe veksttakten framover.



Utover 2008 vart det svært tydleg at den globale finanskrisa og ville ramme Norsk økonomi, og det såg ut til at 2009 kunne bli det første året på 20 år der fastlands-BNP ville få eit fall frå året før.





I ei setning kan ein sei at 2009 vart prega av etterkrigstidas sterkeste konjunkturomslag. For sjølv om 2009 starta med nedtur med sviktande tru og tillit i mange miljø, snudde pilene før vi kom fram til sommarferien, og BNP-veksten gjorde eit comeback. Dette var ikkje bare gjeldande i Noreg med sin spesielle oljeøkonomi, men også i eurosona og i USA som har vore i resesjon frå 2007.


I 2010 synest oppgangen å halde fram, men det er framleis ikkje grunn nok til å avlyse finanskrisa på fleire næringsområder.

Den sentrale usikkerhetsfaktoren er at vi har unngått ein god del av nedgangen som eit resultat av store stimulansar som er sett inn. Dette gjeld både budsjettpolitiske tiltak og ved at Noregs Bank sette ned styringsrenta.

Noregs Bank si styringsrente er no på veg oppover, vår sentralbank var såleis ein av dei fyrste som auka styringsrenta i dette konjunkturomslaget.

I løpet av 2010 er det grunn til å tru at vi får nye renteaukingar frå Noregs Bank dersom ikkje det private forbruket vert redusert og bustadprisane stabilisera seg.

Det er grunn til bekymring dersom vi får eit rentenivå i Noreg som er vesentleg høgare enn i dei landa vi har størst handel med, dette gjeld spesielt for næringslivet som då også vil få ei svært sterke krone å handle med.



Sjølv om utviklinga ikkje har vore så dramatisk som forventa på arbeidsmarknaden er det grunn til å tru at den framleis vil stige, men ikkje så raskt som den gjorde ei tid. At vi får ein arbeidsledighet på 3,5 – 4,0% er ikkje ille, og er lite i forhold eurosonen og USA. Det som truleg er mest å bekymre seg over i denne samanheng er den aldersgruppa som vert sterkest råka, dei yngre. Over tid kan dette medføre at dei får reduserte mogleg hetar for å koma inn på arbeidsmarknaden i det heile.

## 2. MARKNADSTILHØVE OG LOKAL UTVIKLING

Vi har også siste året fått mange nye kundar, dette gjeld både private og næringskundar og det set vi stor pris på. Den største delen av tilveksten kjem frå Vest-Telemark, men også mange vest-telar som har flytt ut vel å nytte oss som sin hovudbank. Det synest vi er svært hyggeleg.

Banken har dette året ikkje auka balansen då vi har valt å bygge ned noko av overskotslikviditeten for å redusere kostnader, forvalningskapitalen er 1,7 mrd.





51 % av innskota og 47% av utlåna er heimehøyrande i Seljord. Resten av Vest-Telemark representerar 22 % av innskota og 21 % av utlåna, Oslo og Akershus har høvesvis 24% og 11%.

Næringsdelen av vår balanse utgjer no om lag 23%.

Det er siste året bygd ein del nye einebustader i Seljord, men etterspurte attraktive sentrumsnære tomter er mangelvare og er såleis ei kommunalpolitisk sak. Prisen ved omsetning av bustader i Seljord held seg generelt høgt syner statistikken, og utbodet av både hus og leilighetar er lite.

Det er bygd fire nye næringsbygg i Seljord siste år, eit av desse er bygd i tilknyting til eksisterande bygg medan tre er heil nye. Vi har også medvirkta til bygging av næringsbygg i andre delar av regionen.

Utvikling og sal av sentrumsnære leilighetar synest å vera populært, og er ei relativt ny buform i bygdenoreg. Vi er også med i utvikling av slike prosjekt andre stader i Vest Telemark.

I Vest Telemark er det god etterspurnad av bustader og småbruk, vi registrar høge prisar i fleire område i regionen sjølv om det kan variere mykje. Etterspurnaden er generelt større enn utbodet.

Byggeaktiviteten på fritidshus har også i delar av dette året vore stor, men dei etterspurde produkta har endra seg noko. Dei av våre kundar som produserar stav og handlafta hus og hytter i tradisjonsstil, melder at ordrebøkene framleis er gode.

Arbeidet med å auke tilgang på risikokapital ute i distrikta, som vi har arbeid ein del med og som vart omtalt i vår melding sist år har ikkje ført fram, men administrasjonen av eit SIVA prosjekt er lagt til Dyrskuen Arrangement as det ser vi svært positivt på i denne samanheng.

Arbeidet i Vest -Telemark Rådet held fram med høg fokus på tiltak som kan gjera til at Vest -Telemark kan stå fram som ein positiv region å bu i både når det gjeld arbeid og fritid, dette er ei felles utfordring for oss alle.

Det gjeld å oppretthalde eit servicenivå som dekker det behov, og den tryggleik som den yngre generasjon krev for å slå seg ned i regionen. Dette krev nok auka behov til samhandling om vi som region skal lykkast.

Historia syner at i økonomiske ustabile tider er det fleire som finn det trygt å koma heimatt om det vert lagt til rette, men truleg er ikkje dette nok for å snu den negative folketalsutviklinga i regionen, sjølv om Seljord kom godt ut sist år.





### III INTERNE FORHOLD

#### 1. EIGEDOM

Alle våre eigedomar er leigd ut, og avkastninga på desse er tilfredsstillande.

#### 2. PERSONALET

Ved utgangen av året har vi 21 tilsette medrekna banksjef, derav 4 på deltid vi har såleis 19,5% årsverk. Av våre tilsette er fordelinga 70% kvinner og 30% menn. I leiargruppa på seks, er to kvinner.

Det er registrert 1546 timer overtid i 2009, mot 1604 i 2008. Sjukefråværet var på 4,2 % i 2009, i dette er det ein med langtidsfråvær. Ser vi bort frå det var sjukefråværet 1,6%, og eigenmeldingar på 0,9%, er dette svært bra.

Seljord Sparebank vart i 2008 IA bedrift. Dette medfører eit nært samarbeid med NAV, og opplegg for oppfølging av dei som har lengre sjukemeldingar,- dette har vi hatt god erfaring med.

#### 3. OPPLÆRING

Styret si vurdering er at opplæring, fagleg oppdatering og vedlikehald er naudsynte investeringar. Krava til våre tilsette aukar både frå marknaden og internt. Vi tek mål av oss til å vera ein full servicebank. Då krev framtida at vi brukar ressursar på dette, noko styret er innstilt på, og som det er forventingar og krav til at tilsette tek del i. Fleire av våre tilsette har siste året gjennomført e-læring innan fleire fagområde. Vidare har vi to som arbeider med å få autorisasjon som finansielle rådgjevarar. Vi har eigen opplæringsansvarleg.

#### 4. ARBEIDSMILJØ

System og rutinar for sikringsarbeid av ulike slag er haldne vedlike og testa. Etter den vurderinga styret har gjort held dette ein god standard. Verksemda banken driv ureinar i liten grad det ytre miljøet.

Dei årlege helseundersøkingane av dei tilsette går i regi av Volvat Medisinske Senter as i Oslo, ei ordning styret og dei tilsette framleis synest er tenleg. Enkelte har fått spesielt tilrettelagde arbeidsplassar. Det vert også gjennomført medarbeidarsamtaler med alle tilsette. Totalt sett vurderar styret arbeidsmiljøet til å vera godt.

#### 5. ARBEIDET I STYRET

Styret har hatt ellev ordinære styremøte i meldingsåret, og i samsvar med styreinstruks, arbeids- og møteplanen for styret har revisor, kontrollnemnda og tillitsmannen ved ulike høve teke del i styremøte. Utover dette har styret hatt møte i samband med strategiarbeid.





Med bakgrunn i at banken har tilsett ny banksjef som skal tiltre 1. februar i 2010 har styret i lag med Adecco hatt fleire møte i samband med tilsettingsprosessen.

I tillegg har styret hatt ei vellukka samhandlingssamling der dei tilsette var med. Dette er ein prioritert del av styret sitt arbeid. Styreleiar har også teke del i styreleiar-konferanse og andre fagmøte i lag med banksjefen.

Arbeidet i styret har i hovudsak vore å fylge opp interne kontrollrutinar, rapportering, organisasjonsplan og instruksverk, samt drøftingar om mål og strategi for banken samt kreditsaker. Som ein del av dette har styret ved fleire høve drøfta banken sin risiko- og kapitalbase i med hold av pilar 2 i Basel II rammeverket.(ICAAP)

Når det gjeld lovkravet til kapitaldekning er det på 8%, styret har sett banken sitt interne krav til 14%. Ved utgangen av året hadde vi 19,06%.

Kravet til kjernekapital er 6% etter lova, her har styret i år auka internkrav til banken frå 8% til 10%

Ved utgangen av året hadde vi ein vekta kjernekapital på 16,82%.

Styret har og på dagsorden drøftingar av lokale og regionale utfordringar i det samfunnet vi lever og arbeider i.

## 6. INTERNKONTROLL OG KVALITETSSIKRING

Banken arbeider kontinuerleg med oppgradering av virksomhetsstyringa, dette gjeld både rutinar, internkontroll og risikostyring.

Dette vert lagt fram for handsaming av styret etter kvart og implementert i våre handbøker etc.

Den som er tildelt rapporteringsansvar i organisasjonen, rapporterer til ansvarleg for internkontrollen, som så rapporterer til banksjef. Banksjef og revisor har så gjeve si vurdering av internkontrollen til styret.

Med vekt på eigen og ekstern revisor si vurdering, føler styret det er god kvalitet på dette arbeidet. Styret vurderar den etablerte internkontrollen og kvalitetssikringa for å vera tilfredsstillande.

## 7. RISIKOFORHOLD

Styret er i medhald av rekneskapslov og forskrifter om årsrekneskap, pålagt å omtale hovudtypene av risikoar som er relevant for institusjonen.

Banken har fokus på strategisk risiko, finansiell risiko og operasjonell risiko. Den finansielle risikoen omfattar likviditetsrisiko, marknadsrisiko og kreditrisiko.





Marknadsrisikoen inneholder renterisiko, kursrisiko på aksjar vi har som handelsportefylgje, kursrisiko knytt opp til obligasjonar og valutarisiko. Vi har ikkje posisjonar i valuta.

Strategisk risiko er knytt opp til om banken har rett fokus på si verksemd, dette gjeld også kompetanse og kapasitet vurdering av styret og leiing. Dette vert prøva ved løpende drøftingar i styret og administrasjon.

Finansiell risiko vert synleggjort for styret ved rapportering i forhold til fastsette rammer og tidsintervall.

Seljord Sparebank sin likviditetsrisiko er vurdert i å vera god. Finansieringsgraden (kundeinnskot/ utlån) er vel på vel 75%, og banken har i svært liten grad store kundeinnskot. Likviditet henta inn frå marknaden har forfall frå 2010 og fram til 2017. Renterisikoen er avgrensa då den er knytt opp mot NIBOR rente.

Vi har i liten grad innskot og lån på fast rente. Dette medfører at renta på innskot og utlån kan regulerast i høve til marknaden innanfor dei fristar finansavtalelova set.

Av våre renteberande verdipapir har 76% flytande rente og 24% fast rente.

Likviditetsindikatoren for Seljord Sparebank var ved utgangen av året i gjennomsnitt på 112,26.

Kursrisiko er primært knytt opp til bankens behaldning av obligasjonar og aksjar. Plasseringar i aksjemarknaden vert fordela mellom handelsaksjar og dei aksjane vi har i lokale selskap. Aksjar i lokale selskap er av strategisk og næringspolitisk karakter. Handelsportefylgia er i hovudsak retta inn mot selskap notera på Oslo Børs, og har gjennom året svinga frå om lag 6 mill. til vel 1 mill. ved utgangen av året.

Den finanzielle krisa har vore merkbar på kursutviklinga på børsane over heile verden og Oslo Børs var ikkje noko unntak med eit fall på om lag 57% i 2008. I 2009 snudde dette og vart eit godt år der store delar av det tapet kom attende. Vi har i mindre grad handla med aksjar og andre verdippair i 2009, men det har tilført resultatet i form av verdiendring og realiserete gevintar på tilsaman 6,6 mill. i 2009. All handel med verdipapir vert rapportera styret kvar månad.

Den samla obligasjonsbehaldninga pålydande 116,5 mill. er nedskrive til 113,2 mill. fordelt med 13,4% på kommune og fylke, 26,9% i bank, 29,3% i kredittføretak, 40,4% til industri og andre. Obligasjonsbehaldninga er definert som omløppspapir, men er ført til gjeldande kurs ved utgangen av året.





Kursfallet i 2008 er i all hovudsak reversert i 2009, slik at den ved utgangen av 2009 bare har ein samla underkurs på 3,1 mill. som det er all grunn til å rekne med at vi får attende etter som obligasjonane har forfall, og det er gradvis fram til 2014.

Som grunnlag for låneneordning i Noregs Bank har vi deponert obligasjonar for pålydande 63,0 mill. Denne ordninga har vi fram til no ikkje nytta.

Kreditrisikoene har vore overvaka gjennom rapportering av misleghald og restanse. Vidare er alle engasjement større enn 1,0 mill. for næring gjennomgått, og alle engasjement større enn 1,5 mill. for personmarknaden gjennomgått, dette er i samsvar med instruks og kreditthandbok. Alle engasjement over 10 mill. er rapportert spesielt.

Oppfølging av tapsutsette engasjement vert tillagt stor vekt. Innan utgangen av året hadde vi risikoklassifisering på over 99% av våre samla utlån. Risikoklassifiseringa syner at 88% av utlåna har låg risiko, 8% middels risiko og 4 % høg risiko.

Nedbetalingslån og rammekredittar vert i liten grad prisa etter risikoklasse, men etter sikkerheit.

Banken sine avsettingar til tap på utlån ved utgangen av meldingsåret er vel 14,3 mill. og utgjer 1,0% av samla utlån.

I sine langsigktige perspektiv opprettheld styret sitt anslag om at tap saman med avsetning vil tilsvara 0,50% av porteføljen på utlån.

Årest tap- og tapsavseningar er noko høgare men i samsvar med budsjett.

Innan næringsmarknaden kan ein forvente tap innafor risikokategorien høg og middelshøg med overvekt på høg. Innan personmarknaden forventast det marginale tap innan same kategoriar. Vi har gjennom året hatt ein gjennomgang av verdivurderinga på mange engasjement både på næring og privatmarknaden.

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar, samt nøkkelmannsrisiko og driftsstabilitet på våre IT-leveransar.

Risikoene vert synleggjort gjennom interne kontrollhandlingar og revisjon. Risikoene er vurdert å vera akseptabel.

Det er eit overordna mål for banken at risikoforholda skal vera moderate. Dette er det teke omsyn til på ulike måtar.

I årsrekneskapen er føresetnaden for framtidig drift lagd til grunn. Banken har god inntening på drifta, vekta kjernekapitalen er på 16,82%, kapitaldekninga er på 19,06%, og innskotsdekkning på 75,3%.





## 8. MÅL OG STRATEGIAR

Den vedtekne mål- og strategiplan for banken, gjeld for perioden 2009 til 2011.

Gjennom vår marknads- og handlingsplan for kvart år tek vi for oss spesielle satsingsområde. På denne måten får vi spisse organisasjonen meir direkte på områda vi vel ut, enten dette er nye produkt eller å gjera oss betre på etablerte område. Vi har oppfølging av dei måltal vi set oss, og ser at provisjonsinntekter frå produkt utanom balanse får aukande betyding.

Målet om å halde ein høg serviceprofil på alle nivå for gamle og nye kundar skal vera overordna.

Nye produkt og tenester saman med endra krav frå kundane stiller større krav til våre tilsette framover. Det freistar vi å koma i møte med å tilpasse organisasjonen og vidareutvikle den einskilde.

Det er eit mål for styret å auke kjernekapitalen for å vera aktiv i utvikling av det området vi har definert til å vera vårt kjerneområde, men gjennom drift synest dette i desse tider å vera ei utfordring.

Styret vedtok på denne bakgrunn å anbefale overfor representantskapet å hente inn 20 mill. i ny kjernekapital gjennom Staten Finansfond denne hadde vi på plass i november. Så snart regelverket for dette blir endra vil vi plassere dette i den ordinære marknaden.


## IV. RESULTAT OG BALANSEREKNESKAP

### 1. RESULTATREKNESKAP.

Bankens resultat på drift før avsetninger til tap er på 26,3 mill. dette er 5,0 mill. betre enn i 2008.

Tapsavsetningane i 2009 er kostnadsført med 15,5 mill. til forventa og konstatert tap på utlån. Samla avsetning er på 14,3 mill. og utgjer 1,0% av totale utlån.

Rentenettoen ved utgangen av året er på 2,30%, dette er i samsvar med budsjett, men 0,17% ned frå året før.



Driftskostnadene våre i forhold til gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,51% mot 1,65% i 2008. Kostnader i prosent av inntektene er på 50,2% mot 62,0% i 2008, eks. verdipapir er kostnadene 56,6% mot 55,1%. Dette er betre enn budsjett, og ei utvikling vi er nøgde med.





Gjennom vårt forsikringsselskap sel vi skadeforsikring, premievolumet ved utgangen av 2009 er på vel 16 mill. Skadeprosenten vår har auka og dette medfører at provisjon går noko ned. For 2009 utgjer provisjonsinntektene på skadeforsikring kr. 1.642.000,-.

Provisjon på sal av livprodukt har gjeve oss ein provisjon siste år på kr. 198.000,-, og leasing 27.000,-.


På fond, aksjehandel og valuta for kundar utgjorde provisjonen om lag kr. 400.000,- og kr. 295.000,- på kortområdet.

Vi har i 2009 ført til inntekt om lag kr. 1 mill. som refusjon av meirvediavgift i samband med SDC prosjektet.

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter er på kr. 39,0 mill., og har gått ned med kr.0,9 mill. Nettosummen av andre driftsinntekter har gått opp fra kr. 3,2 mill. til kr. 12,0 mill. Grunnen til dette er handel med verdipapir i form av realiserte gevinstar og verdistigning.

Totale løn og sosiale kostnader samt kostnader til kollektiv pensjon har gått opp med 0,7 mill. frå 2008, og er på 12,9 mill. Administrasjonskostnadene har gått ned frå 9,1 mill. til 7,6 mill.

Grafen til høgre syner kostander i % av inntekter u/VP.



Banken sin portefølje av verdipapir er definert som handelsvare og ført til fastsette kursar pr. 31.12.09. Aksjar definert som anlegg er i lokale selskap og andre strategiske plasseringar med tanke på varig eige er ikkje regulert, men har ein vesentleg høgare verdi enn bokført.

Etter at kr. 3.088.465,- er avsett til skatt, og kr. 250.000,- vert avsett til gåver rår styret til at overskotet på kr. 7.477.046,- vert ført mot sparebanken sitt fond/eigenkapital.

Ved utgangen av 2009 er banken sin ansvarlege kapital på totalt kr. 194.775.157,-. Den er samansett av sparebanken sitt fond med kr. 124.625.157,-, anna kjernekapital kr. 20.000.000,- og gåvefondet på kr. 150.000,- og anna ansvarleg kapital på kr. 50.000.000,- er fordelt med kr. 25.000.000,- i ansvarleg lån og kr. 25.000.000,- i fondsobligasjon som er evigvarande.





## 2. BALANSEREKNESKAPEN


### Utlån

Samla utlån er på 1.438,2 mill. Det gjev ein auke på 32,1 mill.

Dette er under budsjett.

Innskot i prosent av utlån var ved utgangen av året 75,2%.

Innskudd i % av utlån




### Utlån fordelt på personmarknad og næringsliv

Fordelinga mellom personmarknad og næringsliv er høvesvis 76% og 24%.


I denne fordelinga er ikkje garantiar og trekkrettar teke med. Samla avsetning til tap på lån og garantiar er 14,3 mill.

Samla utgjer avsetninga 1,0 % av samla utlån.

Fordeling utlån 2009




### Geografisk fordeling utlån:





### Forvaltningskapital:

Forvaltningskapitalen er ikkje endra sist år og er på 1,7 mrd. Dette med bakgrunn i endringa i likviditetsmarknaden. Det er store kostnader med stor overskots likviditet, og vi har valgt å redusere dette noko.




Grafen viser Forvaltningskapital siste 5 år.

### Innskot:

Ordinære innskot frå kundar auka med 25,5 mill. Samla innskot er på 1.083 mill.

Fordelinga mellom personmarknad, næringsliv, og offentleg sektor er 71%, 25% og 4%.



Grafen viser geografisk fordeling på innskot.

### 3. VERDIPAPIR

I samband med årsoppgjaret har styret gjennomgått verdipapira til banken. Børsnoterte aksjar og aksjfond er første til marknadsverdi. Lokale aksjar førte som anleggsmiddel er sette til kostpris.

Porteføljen som banken har av obligasjonar er definert som omløppspapir, og sett til is/marknadsverdi. Styret meiner at verdipapira er vurderte i samsvar med gjeldande rekneskapsreglar, og er i samsvar med intensjonane i Sparebanklova § 31.





## IV. OPPSUMMERING

Finansnæringa gjekk inn i 2009 med stor usikkerhet om kva den globale og alvårlege finanskrisa ville medføre, ikkje bare i Noreg men i forhold til heile verdens økonomi og handel.

Tilliten etter samanbrotet i USA sine største bankar var borte, seinare kom det samanbrot og stor uro i finansnæringa i dei fleste land og den er ikkje over.

I Noreg var det ingen bankar som måtte innstille, men mange også i Noreg, hadde nære relasjonar til Islandske bankar med kontor i Noreg som måtte innstille sin aktivitet her. Med hjelp frå Bankens Sikringsfond var det ingen kundar som fekk tap som eit resultat av dette.

Det synte seg då at det å ha godt tillit i marknaden både i relasjon til eigne kundar og andre finansielle aktørar er viktig.

Styret er opptekne av å ha god likviditet i form av høg innskotsdekking og eit likviditetsprogram som er langsiktig.

Banken hadde på plass langsiktig og relativ rimeleg likviditet.

På den mest kritiske tida var prisen på likviditet svært høg, og det var til tider ei utfordring for mange å skaffe eksterne likviditet i det heile.

I denne samanheng er det grunn til å gje honnør til våre styremakter som tidleg signaliserte ynskje og vilje om å tilføre finansnæringa naudsynt likviditet for å oppretthalde ei relativ normal drift. Dette lykkast dei med på ein god måte.

Over tid er det arbeid med ei samanslåing av Sparebankforeningen i Noreg og Finansnæringens Hovedorganisasjon.

Prosesssen skapte stort engasjement i vår del av næringa, noko som hadde si grunngjeving i at dei mindre sparebankane har sett, og ser verdien av å ha ei sparebankforening som spesielt tok ansvar for våre behov og den verdien det er å ha eit desentralt bankalternativ som i stor grad tek ansvar for den lokale utviklinga.

Det er vår vurdering at dette engasjementet har hatt verknad, for det forhandlingsresultatet kom til godkjenning på sparebankforeninga sitt årsmøte hausten 2009 vel styret å tru ei god løysing for næringa.

Dette gjev oss tru på at det framleis er, og bør vera, rom for mindre sjølvstendige sparebankar som er lokalisert ute i distrikta. Om vi er små og har avgrensa med ressursar på fleire område, føler vi at vår medverknad i regionen har ein positiv verknad på utviklinga. Dette syner også den oppslutning vi har i regionen.

Det er vår oppfatning at også styresmaktene framleis har eit ynskje om å legge forholda til rette for at det skal kunne oppretthaldast eit nett av sjølvstendige sparebankar ute i distrikta.





Det vert og stilt store krav til oss frå styresmaktenes si side, som på si side må dei fylgje opp EU sine krav og direktiv. Det er likevel viktig at våre styresmakter ikkje bør stille krav av ein slik karakter at den bankstrukturen vi har i dag ikkje kan oppretthaldast.


Dette medfører at behovet for ein alliansetilknyting etter vår vurdering synest naudsynt.

Som avslutning på årsmeldinga vil styret takke dei tilsette i banken for stor innsats i meldingsåret. Det har gjort det mogleg å få den kundeveksten og dei resultata vi kan vise til.

Samstundes rettar vi ein stor takk til kundar og forretningssamband for eit godt samarbeid i året som har gått.

Seljord 31. desember 2009.  
10. februar 2010.



  
**Morten Olav Dyrud**  
styreleiar

  
**Hermann Betten**  
nestleiar

  
**Sissel Aase Haugan**  
styremedlem

  
**Harald Flaten**  
styremedlem

  
**Irene Særsland**  
styremedlem  
rep. for dei tilsette

  
**Gunnar Eilefstad**  
Banksjef





# Vedlegg



- Resultatrekneskap
- Balansen
- Kontantstrømsanalyse
- Notar
- Melding frå revisor
- Melding frå kontrollnemnda




## Resultat-Rekneskap


	Note	2009	2008
<b>Renteinntekter og andre liknande inntekter</b>			
1.2 Renter og likn. av utlån til og fordringar på kreditinst.		526.591	565.071
1.3 Renter og likn. av utlån til og fordringar på kundar		74.572.031	107.151.532
1.4 Renter og likn. av sertifikat, obligasjoner og andre verdipapir		5.243.416	11.103.381
1.5 Andre renteinntekter og liknande inntekter		-1.326	560.383
<b>1.0 Sum Renteinntekter og likn. inntekter</b>		<b>80.340.713</b>	<b>119.380.367</b>
2.1 Renter og likn. kostnader på gjeld til kreditinst.		6.846.518	13.825.974
2.2 Renter og likn. kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		23.456.284	46.587.516
2.3 Renter og likn. på utstedte verdipapir		7.674.134	14.904.163
2.4 Renter av ansvarleg kapital		2.376.107	3.917.530
2.5 Andre rentekostnader og likn. kostnader		995.441	280.284
<b>2.0 Sum Rentekostnader og andre likn. kostnader</b>		<b>41.348.485</b>	<b>79.515.467</b>
<b>I Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>		<b>38.992.228</b>	<b>39.864.900</b>
3.1 Inntekter av aksjer og andre v.p. m/variabel avkastning		292.325	2.084.435
<b>3.0 Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir</b>		<b>292.325</b>	<b>2.084.435</b>
4.1 Garantiprovisjon		439.972	509.303
4.2 Andre gebyr og provisjonsinntekter	12 d	6.016.371	6.257.606
<b>4.0 Sum provisjonsinntekter og inntekter ved banktenester</b>		<b>6.456.343</b>	<b>6.766.908</b>
5.2 Andre gebyr og provisjonskostnader		2.186.474	2.137.590
<b>5.0 Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>		<b>2.186.474</b>	<b>2.137.590</b>
6.1 Netto gevinst/tap sertifikat, obligasjoner og a. vp. m/var. avkast.		3.517.010	
6.2 Netto gevinst/tap aksjar og andre verdipapir m variable avkast.		2.256.143	-5.175.870
6.3 Netto verdiendring og gevinst/tap valuta etc.		-71.945	218.065
<b>6.0 Sum netto gev/tap av verdipapir (ikkje varige eige/bruk)</b>		<b>5.701.209</b>	<b>-4.957.806</b>
7.1 Driftsinntekter fast eigedom		1.243.416	1.450.141
7.2 Andre driftsinntekter		487.686	
<b>7.0 Sum andre driftsinntekter</b>		<b>1.731.102</b>	<b>1.450.141</b>
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>11.994.505</b>	<b>3.206.089</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>50.986.733</b>	<b>43.070.989</b>
8.1.1 Løn mv	11 a	8.790.109	8.927.909
8.1.2 Pensjoner	11 d	2.332.513	1.738.664
8.1.3 Sosiale kostnader	11 a	1.530.870	1.664.687
8.2 Administrasjonskostnader	11 a	7.577.408	9.097.060
<b>8.0 Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>20.230.900</b>	<b>21.428.320</b>
9.1 Ordinære avskrivinger	8 b	1.380.256	2.346.868
<b>9.0 Sum avskrivinger varige driftsmidler</b>		<b>1.380.256</b>	<b>2.346.868</b>
10.1 Driftskostnader fast eigedom		1.353.455	983.168
10.2 Andre driftskostnader		2.655.790	1.925.623
<b>10.0 Sum andre driftskostnader</b>		<b>4.009.245</b>	<b>2.908.791</b>
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>25.620.400</b>	<b>26.683.979</b>
<b>Driftsresultat før tap</b>		<b>25.366.332</b>	<b>16.387.010</b>
11.1 Tap på utlån	5 k	15.471.939	16.433.609
11.2 Tap på garantier m.v.			
<b>11.0 Tap på utlån, garantier m.v.</b>		<b>15.471.939</b>	<b>16.433.609</b>
12.1 Nedskrivinger/reversering av nedskrivinger			-9.191.110
12.2 Gevinst/tap		921.118	-3.277.350
<b>12.0 Sum nedskrivning og gevinst/tap på langs. verdipapir</b>		<b>921.118</b>	<b>-12.468.460</b>
<b>13.0 Skatt på ordinært resultat</b>	12 a	<b>3.088.465</b>	<b>-2.431.693</b>
<b>II Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>7.727.046</b>	<b>-10.083.366</b>
Avgitt konsernbidrag			
17.1.4 Overført frå gavefond			-520.700
17.2.5 Overført til gaver		250.000	520.700
17.2.4 Overført frå/til sparebankens fond		7.477.046	-10.083.366
<b>Sum disponert</b>		<b>7.727.046</b>	<b>-10.083.366</b>

Balansen	Note	2009	2008
<b>Eigedeler</b>			
1.0 Kontanter og fordringar på sentralbankar		94.077.416	53.936.900
<b>1.0 Kontanter og fordringar på sentralbankar</b>		<b>94.077.416</b>	<b>53.936.900</b>
3.1 Utlån til og fordringar på kreditinst. utan løpetid/frist		36.970	56.239.691
3.2 Utlån til og fordringar på kreditinst. med løpetid/frist	6 f	2.500.000	28.500.000
<b>3.0 Sum utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar</b>		<b>2.536.970</b>	<b>84.739.691</b>
4.3 Kasse-/ drifts-/ og brukskredittar	5 c	52.124.793	57.783.255
4.4 Byggjelån	5 c	38.775.202	25.353.837
4.5 Nedbetalingsslån	5 c, 6 f	1.347.275.583	1.322.954.932
<b>Sum utlån til og fordringar på kundar, før nedskrivningar</b>		<b>1.438.175.578</b>	<b>1.406.092.024</b>
4.7 Individuelle nedskrivningar	5 i	-8.537.515	-17.168.585
4.8 Nedskrivningar på grupper av utlån	5 j	-5.780.000	-5.500.000
<b>Sum nedskrivningar</b>		<b>-14.317.515</b>	<b>-22.668.585</b>
<b>4.0 Netto utlån til og fordringar til kundar</b>		<b>1.423.858.063</b>	<b>1.383.423.439</b>
<b>5 Overtekne eigedeler</b>			1.057.646
<b>5.0 Sum overtakne eigedeler</b>		<b>0</b>	<b>1.057.646</b>
6.1.1 Sertifikat og obligasjoner, offentlege	6 a	15.076.600	25.074.000
6.2.1 Sertifikat og obligasjoner, andre	6 a	98.080.800	75.571.826
<b>6.0 Sum sertifikat, obligasjoner og andre renteb. Verdipapir m/fast avkast.</b>		<b>113.157.400</b>	<b>100.645.826</b>
7.1 Aksjer, andeler og grunnfondsbevis	7 b	27.749.550	30.049.497
<b>7.0 Sum aksjer (og andre verdipapir m/variabel avkastning</b>		<b>27.749.550</b>	<b>30.049.497</b>
10.2 Utsatt skattefordel	12 a	605.668	4.050.204
10.3 Andre immatrielle eigedeler	8 b		18.914
<b>10.0 Sum immatrielle eigedeler</b>		<b>605.668</b>	<b>4.069.118</b>
11.1 Maskinar, inventar og transportmidler	8 a,b	1.798.576	1.994.131
11.2 Bygningar og annan fast egedom	8 a,b	25.079.861	25.687.512
<b>11.0 Sum varige driftsmidler</b>		<b>26.878.437</b>	<b>27.681.643</b>
12.2 Andre eigedeler		626.836	340.585
<b>12.0 Sum andre eigedeler</b>		<b>626.836</b>	<b>340.585</b>
13.1 Opprente, ikkje motteke inntekter og forskuddsbet. Ikke påløpte kostnader		4.142.699	8.156.163
13.2.1 Overfinansiering av pensjonsforpliktelser	11 d	2.910.151	3.065.584
13.2.2 Andre forskuddsbetalte kostnader		789.812	959.000
<b>13.0 Sum forskuddsbet. ikkje påløpte kostnader og opprente, ikkje bet. innt.</b>		<b>7.842.662</b>	<b>12.180.747</b>
<b>Sum egedeler</b>		<b>1.697.333.002</b>	<b>1.698.125.092</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>			
14.1 Lån og innskot frå kreditinst. utan avtalt løpetid/frist		3.011.330	1.804.153
14.2 Lån og innskot frå kreditinst. med avtalt løpetid/frist	10 b	200.000.000	235.000.000
<b>14.0 Sum gjeld til kreditinstitusjonar</b>		<b>203.011.330</b>	<b>236.804.153</b>
15.1 Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid/frist		1.046.362.395	1.023.468.152
15.2 Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid/frist		36.665.098	34.023.802
<b>15.0 Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>		<b>1.083.027.493</b>	<b>1.057.491.954</b>
16.1 Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak		25.000.000	
16.3 Obligasjonsgjeld	10 b	180.000.000	195.000.000
<b>16.0 Sum gjeld stiftet ved utst. av VP</b>		<b>205.000.000</b>	<b>195.000.000</b>
17.3 Anna gjeld	12 a	2.958.113	30.526.625
<b>17.0 Sum anna gjeld</b>		<b>2.958.113</b>	<b>30.526.625</b>
18.1 Påløpte, ikkje forfalte kostnader og innbetalte, ikkje opprente inntekter		5.234.324	8.686.788
<b>18.0 Sum pål. kostn. og forsk. bet. inntekter</b>		<b>5.234.324</b>	<b>8.686.788</b>
19.1 Pensjonsforpliktelser	11 d	3.068.084	2.167.461
19.5 Andre avsetninger for påløpte kostnader		258.500	150.000
<b>19.0 Sum avsetninger til forpl. og kostnader</b>		<b>3.326.584</b>	<b>2.317.461</b>
20.1 Egvarende ansvarleg lånekapital	9 b	45.000.000	25.000.000
20.2 Ansvarleg lånekapital med tilknytta konvertering	9 a	25.000.000	25.000.000
<b>20.0 Sum ansvarleg lånekapital</b>		<b>70.000.000</b>	<b>50.000.000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1.572.557.844</b>	<b>1.580.826.981</b>
<b>Eigenkapital</b>			
22.2 Sparebankens fond	9 b,c	124.625.157	117.148.111
22.3 Gåvefond	9 b,c	150.000	150.000
<b>22.0 Sum opptent eigenkapital</b>		<b>124.775.157</b>	<b>117.298.111</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>124.775.157</b>	<b>117.298.111</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>1.697.333.002</b>	<b>1.698.125.092</b>
<b>Forpliktelsar utanom balansen</b>	5 f	<b>31.300.248</b>	<b>29.819.526</b>

Seljord Sparebank 31. desember 2009/ 10. februar 2010

  
Morten Olav Dyrud  
Styrelseiar  
  
  
Harald Flaten  
Styremedlem

  
Hermann Betten  
Styremedlem  
  
  
Irene Særsland  
Styremedlem (valt av tilsette)

  
Sissel Aase Haugan  
Styremedlem  
  
  
Gunnar Ellestjørn  
Banksjef

## Seljord Sparebank

### Kontantstrømanalyse 2009

	2009	2008
<b>Tilført fra årets drift *)</b>	<b>(9.429.003)</b>	<b>19.018.787</b>
Endring diverse gjeld	(30.011.854)	4.962.310
Endring diverse fordringer	<u>8.554.015</u>	<u>(4.412.270)</u>
<b>Likviditetsendring fra resultatregnskapet</b>	<b>(30.886.842)</b>	<b>19.568.827</b>
Endring brutto utlån	(32.083.552)	(86.681.179)
Endring kortsiktige verdipapirer	931.439	(307.750)
Endring innskudd fra kunder	<u>25.535.540</u>	<u>88.096.118</u>
<b>A. Netto likviditetsendring fra virksomhet</b>	<b>(36.503.415)</b>	<b>20.676.016</b>
Solgte eiendeler	0	0
-Investering i varige driftsmidler og imm.eiendeler	(558.136)	(1.074.348)
Endring i langsiktige verdipapirer	<u>(1.207.831)</u>	<u>(3.696.426)</u>
<b>B. Likviditetsendring vedr. investeringer</b>	<b>(1.765.967)</b>	<b>(4.770.774)</b>
Endring obligasjonslån / ansvarlig lån	30.000.000	60.000.000
Endring lån fra finansinstitusjoner	<u>(33.792.823)</u>	<u>26.599.517</u>
<b>C. Likviditetsendring fra finansiering</b>	<b>(3.792.823)</b>	<b>86.599.517</b>
<b>A+B+C Sum endring likvider</b>	<b>(42.062.205)</b>	<b>102.504.759</b>
+ Likvidbeholdning 1/1	<u>138.676.591</u>	<u>36.171.832</u>
= Likvidbeholdning 31/12	<b>96.614.386</b>	<b>138.676.591</b>
<b>Som består av :</b>		
Kasse, DnB, Norges Bank	94.077.416	53.936.900
Lån til andre finansinstitusjoner	<u>2.536.970</u>	<u>84.739.691</u>
<b>Sum</b>	<b><u>96.614.386</u></b>	<b><u>138.676.591</u></b>

#### \*) Tilført fra årets drift

	2009	2008
Resultat	7.727.046	(10.083.366)
Gevinst ved salg av driftsmidler	0	0
Overført til gaver	(250.000)	(520.698)
Endring tapsavsetning	(8.351.070)	9.631.653
Reversering/nedskrivning verdipapirer	(9.935.235)	17.644.330
Ordinære avskrivninger	1.380.256	2.346.868
<b>Tilført fra årets drift</b>	<b>(9.429.003)</b>	<b>19.018.787</b>

## Note 1: Generelle rekneskapsprinsipp

- Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og forskrifter for sparebankar, og god rekneskapskikk.
- Det er under den enkelte note til rekneskapet gjort greie for dei prinsipp som er nytta for dei aktuelle rekneskapspostar med anvisning til den enkelte post.
- Alle tal er oppgjevne i heile 1000 kr så sant det spesifikt ikkje er oppgjeve noko anna.

## Periodisering av renter, provisjonar og gebyr.

Renter, provisjonar og gebyr vert ført i resultatsrekneskapet etter kvart enten det er inntekter eller kostnader. Våre etableringsgebyr er av ein slik karakter at dei ikkje overstig faktiske kostnader ved etablering av den einskilde kreditt, og vert såleis ikkje periodisert.

## Inntektsføring/kostnadsføring.

Forskotsbetale inntekter ved slutten av året vert periodisert og ført som gjeld i balansen. Opptente ikkje betalte inntekter ved utgangen av året vert inntektsført og ført som egedel i balansen. På einskilde engasjement det er forteke tapsavsetning på, blir rentene inntektsført i medhald av dei nye forskriftene for utlån. Aksjeutbytte blir inntektsført det året det vert motteke. Realisert kursgevinst/-tap resultatførast, og vi har dokumentasjon for kvart einskild papir.

## Risikoområde.

I sin vurdering av risiko nyttar banken ein skala frå, liten, middels til stor. Vi har definert desse hovudområda:

### Overordna risiko.

Under dette område tek vi for oss mål- og strategiplan, marknads- og handlingsplan samt organisasjonsplanen.

### Overvaking av rentemargin og kapitaldekning.

### Vurdering av nye produkt og system.

### Oppfølging av internkontroll og rapportering til styret.

## Sikkerheit.

Dette går på fysisk sikkerheit internett.

## Rekneskap.

Omhandlar rutiner for rekneskapsføring, fullmaktskontroll og kontroll ved etablering av nye kundeforhold etc.

## Likviditet og verdipapir.

Omhandlar rutiner og rapportering i samband med kjøp og sal av verdipapir, der det kvar månad vert lagt fram oversyn på utvikling av kursutvikling på handelsportefølje og forfallsoversyn på obligasjonsbeholdninga.

Vidare har vi rutine for å taka ut likviditetsoversyn to gonger pr. dag.

## Utlån.

Omhandlar rutiner for kontroll av fullmakter og vilkår samt rapporteringsrutiner. Renterisikoen på våre utlån er liten då vi kan regulere renta i samsvar med det generelle rentenivået. Vi har i liten grad fastrentelån, og dei er sikra med renteavtaler.

## Innskot.

Omhandlar rutiner for å legitimere kunden, og oppfølging av rutiner for å rapportere mislegthalde, også med tanke på kvitvaskingsreglane.

Renterisikoen på innskot er liten då vi ikkje har innskot med fastrente.

## Kredittrisko.

Med kredittrisko meiner vi risikoen for at banken ikkje får tilbakebetalt det den har krav på i form av renter og avdrag fordømt. Banken har ikke har vilje og/eller evne til å betale.

Bankens forretningsmessige formål er først og fremst å ta imot innskot og å låne ut pengar til publikum og næringsverksemnd

med tilstrekkeleg sikkerheit. Kredittrisko er derfor ei inntektskjelde og ein strategisk risiko for banken. Kredittrisko vil utgjere huvudbestanden av bankens totale risiko. I tillegg til å ha kredittrisko knytt til balansepostar, kan banken ha risiko knytt opp til lån formidla til Terra Boligkreditt AS, dvs ikkje balanseførte postar. Banken har pr 31.12.09 utlån i TBK for kr 2.178.

## Overtekne egedeler

Overtekne egedeler er aktuelt der banken har pant i egedeler i eit engasjement der lånetakar ikkje kan gjere opp for seg. Desse blir i perioden fram til realisasjon ved sal bokført til antatt salgsverdi.

## Note 2: Valuta

Motverdien av utanlands valuta som kassebeholdning pr 31.12.09 er NOK 745.

## Note 3: Finansielle instrument

- Finansielle instrument definerast til å omfatte omsettelege finansielle egedeler og gjeldspostar. Finansielle instrument på balansen omfattar aksjar, aksjefond, grunnfondsbevis, obligasjoner og sertifikat, samt andre pengemarknadsinstrument.
- Sett bort i frå rentebytteavtaler, vert det ikkje handla med derivat.
- Det vert skild mellom avtaler som inngår som ledd i eigenhandel for å oppnå forteneste ved prisforskjellar og prisendringar, og avtaler som inngår i den ordinære verksemd.
- Avtaler som kjem inn under førstnemnde kategori utgjer handelsportefølje, medan dei andre avtalene inngår i bankverksemda som sikringsforretningar eller plasseringar av strategisk karakter.
- Handelsportefølje vert definera som finansielle instrument som banken har for eigen rekning med tanke på vidaresal, eller for på kort sikt å dra fordel av pris- eller rentevariasjonar.

## Note 4: Periodisering - Inntektsføring/kostnadsføring

- Renter og provisjonar vert teke inn i resultatsrekneskapen etter kvart som desse vert opptent som inntekter eller påløpne som kostnader.
